

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/47/19

av 19. juli 2001

om lenging av tidsrommet som vedtak 1999/10/EF om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til måling og lakk, skal gjelde for (*)

[meldt under nummeret K(2001) 2207]

(2001/608/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 4 og 6, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at miljømerket kan tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe, og at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria bør vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for, og vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 3) Kommisjonen har ved vedtak 1999/10/EF⁽²⁾ fastsett miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til måling og lakk, som etter artikkel 3 i det nemnde vedtaket skal gjelde fram til 31. desember 2001.
- 4) Som følge av den nye vurderinga verkar det føremålstenleg at tidsrommet som definisjonen av produktgruppa og miljøkriteria skal gjelde for, vert lengt

utan endringar med 18 månader, slik at dei føretaka som har fått tildelt miljømerket, kan halde fram med å nytte merket minst inntil det vert sett på som naudsynt å revidere vedtak 1999/10/EF.

- 5) Tidsrommet som er fastsett i artikkel 3 i vedtak 1999/10/EF, bør difor lengjast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Tidsrommet som definisjonen av og kriteria for produktgruppa med kodennummeret «007» skal gjelde for, og som er fastsett i artikkel 3 i vedtak 1999/10/EF, vert lengt fram til 30. juni 2003.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 19. juli 2001.

For Kommisjonen

Margot WALLSTRÖM

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 214 av 8.8.2001, s. 43, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 7/2002 av 1. februar 2002 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 18 av 4.4.2002, s. 9.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 5 av 9.1.1999, s. 77.